



Jan Erik Olsson med dei støydempende platene som skal på plass i Gamleskolen

I dag er det tysdag og opningsdag for Cafe Tlaren, men diverre ikkje i ein støydempa atmosfære i Gamleskulen.

Framleis er det eit problem å høyra, ikkje minst for eldre folk, når det kjem mange i lokalet. No er det imidlertid ljøs i tunellen!

100 støydempende plater er kjøpt inn for rundt 11 000 kroner og ligg klare for montering i Gamleskulen. Platene er noko tjukkare enn dei som er montert i taket på Zjakk frisørsalong og som har gjort underverker der. Der er støyen bortimot heilt dempa og forventningane til ein tilsvarende verknaad i Gamleskulen er store.

Nestleiar i Uskedalen Utvikling Jan Erik Olsson kan ikkje forebels seia når platene kjem på plass og om det skal skje på dugnad.

No ventar gjestane også på Systrene Nilsen på eit liknande prosjekt der!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Platene gjorde underverker i Zjakk